

Heidring av folkevalde

1. Ved medlemmar av sitjande kommunestyre si gravferd skal det sendast krans. Med medlemmar meinar ein her faste medlemmer og medlem som i ein periode møter fast for representant som har permisjon.
2. Ved tidlegare ordførarar si gravferd skal det sendast krans.
3. Ordførar kan i spesielle tilfelle som ikkje vert dekt av reglane, sende blomar eller krans i høve gravferd.
4. Faste medlemmer som går ut av kommunestyret skal ha slik påskjønning:
 - Etter ei periode:** Blomar til verdi av kr. 500.-
 - Etter to periodar:** Sølvskje med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 1000.-
 - Etter tre periodar:** Krystallvase med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 1500.-
 - Etter fire periodar:** Krystallskål med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi kr. 2000.-
 - Etter fem periodar:** Slipsnål / Brosje i emalje med Herøy kommunevåpen, verdi kr. 2500.-
 - Etter meir enn fem periodar:** Klokke til ein verdi av kr. 250.- per år ein har tenestegjort. Inngravert Herøy kommunevåpen og årstal for perioden på baksida.
5. Heidring for tenestetid gjeld faste medlemmar av kommunestyret, samt varamedlemmar som minimum har hatt ein frammøteprosent 50% eller meir årleg.
6. Ansvaret for oppfølging av regelverket ligg hos ordførar og gruppeleiarane i dei einskilde politiske partia.
7. Utgifter til heidring vert å dekkje over politisk leiing sitt budsjett.
8. Beløpa skal indeksregulerast.

Reglane gjeld frå vedtaksdato.

